

OSTERØY IDROTTSKLAG FRI-IDRETTSGRUPPA.

Referat frå årsmøte Osterøy Stadionbygg fredag 15.11.96 kl. 1900 (9 personer:
BJL, VS, SIGBJR, KRR, HALØ, SIHA, INGJR, RAKL, KJR.

Før årsmøtestart las Bjarte Lohne minneord over Olav Solberg Reigstad som døde 2. august 1996.

1 GODKJENNING INNKALLING OG SAKSLISTE

Ingen merknad til innkalling/saksliste til årsmøte

2 VAL AV ORDSTYRARAR OG SKRIVAR

Bjarte Lohne / Vidar Simmenes.

3 ÅRSMELDING 1996

Årsmeldinga vart gjennomgått punkt for punkt. Meldinga vart deretter godkjent med diverse merknader/rettingar. Den endelege årsmeldinga er teken inn i Osterøynytt 3/96.

4 REKNESKAP 96 (1.11.95 - 31.10.96)

Rekneskapan var framlagt med eit rekneskapsmessig underskot på kr. 15.853,72. Skrapelodd og ein del andre utgifter for 95 er betalt i rekneskapsåret 96. Totalresultatet for 96 er difor i balanse. På nokre postar var det store avvik i rekneskapstal og budsjett. Dette kjem seg i hovudsak av kjøp og sal av nye overtreksdrakter dette året og at det i ein viss grad kunne vore betre samsvar mellom val av budsjett og rekneskapspost. I revisjonsmeldinga var det understreka gleda ovar at gruppa sitt rekneskap endeleg var framlagt i samsvar med laget sine rekneskapskrav. Inneståande på bankkonto pr. 31.10.96 var 12.332,02. Rekneskapan vart godkjent slik den var framlagt og revidert. Rekneskapstal m.m. er teken inn i Osterøynytt 3/96.

5 BUDSJETT 97

Framlegg til budsjett vart gjennomgått. Etter visse endringar vart det vedteke eit totalbudsjett på kr. 130.000 i inntekter og utgifter. Budsjettet er teken inn i Osterøynytt 3/96.

6 HANDLINGSPLAN 97

Handlingsplan vart gjennomgått punkt for punkt. Planen vart deretter vedteken med diverse merknader/rettingar. Den endelege årsplanen er teken inn i Osterøynytt 3/96.

7 VAL

Inge J Reigstad frå valnemnda orienterte om arbeidet med å skaffa ny leiar etter Bjarte Lohne som hadde fråsaugt seg attval. Dei andre postane i styre og stell var nokolunde klare men den endelege samansetjinga kan først gjerast etter at gruppa har valt leiar. Årsmøtet utsette difor sak 7 Val til ekstraordinært årsmøte i Haus lørdag 7. desember kl. 1600 (etter seriestevne/hoppcup).

At lag og organisasjonar har problem med å finna tillitsvalde er diverre «normalt». Betre informasjon og krav til gruppa sine medlemmer om å ta årsmøte og styre og stell på alvor vart påpeikt av fleire av dei som var møtt fram. Men for dei som har ansvar for å leia gruppa er det lite motiverande at interessa for årsmøte m.m. i fleire år har vore tilnærma lik null frå brorparten av medlemmane. Årsmøte burde vore gruppa sitt viktigaste arrangement. Gruppa sine aktivitetar kan formelt ikkje gjennomførast utan at det er eit styre som har det daglege ansvar mellom årsmøta. Når årsmøte år etter år ikkje maktar å velja styre første omgang, melder det seg tankar om nedlegging eller pause i gruppa sine aktivitetar.

Etter sak 4 var det enkel servering med kaffi, brus og kaker. I pausen og etter årsmøtet vart det gjeve/utveksla ein del informasjon.

Hoppstevne i Haus 6. desember vert flytt og inngår i Hoppcup 1. runde mot Frisk til laurdag 7. desember kl. 1400 også i Haus. Vidar Simmenes informerte om at Fri hadde trekt seg som vaktlag på Travparken frå 1. januar 97. I kva grad dette kan medførera endringar for Hovding og Osterøy er uklart. Eventuelt fleire vakter i ein periode. Skal Hovding og Osterøy overta Fri sine vakter?? Skal laga halda fram som no???. Skal laga be om reforhandling om godtgjersla som no er kr. 200 pr. person/vakt. Eventuelle utspel til Osterøy vil koma frå vaktleiar Bremnes i Hovding.

Årsmøte slutt kl. 2210

15.11.96 Referent: Vidar Simmenes

